



Jnr. 1188.14

GJG/rr

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Uttale Regional kulturplan for Hordaland**

Samarbeidsrådet for Sunnhordland drøfta i møte 11. september innspel til regional kulturplan for Hordaland der Samarbeidsrådet vurderte planen ut i frå det regionale perspektivet. Ein del av kommunane i regionen vil og gje sine eigne uttalar, knytt til sin kommune.

I kulturplanen står det blant anna at "*Hordaland skal ha et rikt, aktivt og mangfoldig kulturliv, med tilgang for alle til og et sterkt, profesjonelt kulturliv som fremmer skapende og frie kunstuttrykk.*"

Amatørar og frivilligkeit i kulturtildøret står sterkt i Sunnhordland, men og profesjonelle regionale aktørar. Sunnhordland kammerorkester, Bømlo Teater, Sunnhordland museum er gode døme på regionale kulturaktørar som har stor grad av profesjonalitet ved at oppsettingane deira er av ypparste kvalitet. Det er difor viktig at desse institusjonane vert tilgodesett med fylkeskommunale midlar slik at dei kan utvikla seg vidare.

I planen står også: "*Kultur er ett av de mest sentraliserte politikkområdene i Norge. Det trengs flere tunge, kulturelle sentra i landet, som byr Oslo-regionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, virksomhet og statlige midler.*"

Bergen er svært viktig for satsing på kultur i Hordaland, men dette må ikkje gå ut over fordeling av midlar til andre regionar i fylket.

I Sunnhordland ser me at mykje av kulturmidlane vert kanalisiert til sentrale strøk. I Sunnhordland har me blant anna to komponistheimar, Fartein Valen og Kenneth Sivertsen sine heimar. Kva med å konsolidere desse under t.d. KODE slik Trollhaugen og Siljestøl. Begge våre Sunnhordland komponistar er i verdklasse.

Kulturinstitusjonar som Moster Amfi, Ryvarden fyr og Baroniet bør vera kvalifisert til å få auka støtte til si utvikling.

Fagleg konsolidering kan auka kompetansen. I Sunnhordland gjeld dette særskild med tanke på alle dei maritime klyngene som kunne fått til formelt fagleg samarbeid. Dette gjeld blant anna Stord Maritime Museum og Wichmann smio på Bømlo.

Falturiltu er ein unik festival og denne bør knytast til planen si satsing innan nynorsk.

I Sunnhordland står kystkulturen sterkt. Sunde kyst- og litteratursenter og seglkutteren Seladon er to gode dømer på aktivitetar og næring knytt til kystkultur.

I Sunnhordland er det svært mange kulturminner. Helleristingane i Etne, Sokkamyra på Bømlo, bautasteinane på Årbakka i Tysnes, kisgruvene på Litlabø er nokre av kulturminna som gjerne kunne utviklast gjennom eit felles regionalt kulturminne samarbeid som kan utviklast og gje nye arbeidsplassar og ikkje minst merksemd ut over regionen.

Det er starta eit arbeid i regionen for å vurdera om Sunnhordland har dei kvalitetane som skal til for å søkja om UNESCO status. Dette arbeidet er og viktig for Hordaland.

Gjennom "Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg" har Sunnhordland gjort si prioritering av kva anlegg som har regional status. Det er viktig at dei prioriterte anlegga vert følgt opp med økonomiske midlar.

Sunnhordland, 15 august 2014

Kjetil Hestad  
Styreleiar

Gro Jensen Gjerde  
Dagleg leiar